

FÔRINGSPLAN

FOR ELG I GOL KOMMUNE

2012 -2017



Planen er utarbeidd av Vilt – og innlandsfiskeremnda i Gol

Hausten 2012, og vedteke i sak 8/12 31.10.2012.

Å forvalte ein elgstamme som ikkje tek omsyn til geografiske grenser, er ei utfordring. Elgbestanden i Gol kommune på nordsida av Hallingdalselva inngår i eit større område som til saman tel 8 kommunar, 4 i Hallingdal og 4 i Valdres. Det er utfordrande når elgen nyttar store areal til sommarbeite, medan han om vinteren samlast på mindre område der skogsareal vert hardt råka. Høg irregulær avgang (til veg og jernbane) krev at forvaltninga og rettighetshavarar set inn tiltak som vil betre situasjonen.

Vilt – og innlandsfiskeremnda i Gol har teke initiativ til å vidarføre plan for systematisk fôring av elg i samarbeid med grunneigarar og viltforvaltninga i kommunen. Planen skal gjelde i ein ny femårs periode og skal evaluerast årleg. Det er eit viktig poeng at fôringa skjer som følgje av den høge irregulære avgangen og på grunn av dei store beiteskadane, ikkje for å halde elg "kunstig" i live.

Vilt – og innlandsfiskeremnda vil takke dei som har vore med på å utarbeide planen; Knut Espedokken frå Gol grunneigarlag, Haakon Hallingstad frå Viken skog Hallingdal avd. Gol, Jon Anders Hefte frå Jernbaneverket og Øyvind Brenno frå Hoftun Storvilt.

INNHALD

Forord	2
Innleiing	4
Situasjonsskildring	4
Fôringsplan	6
Økonomi	7
Evaluering	7

Gol kommune har ein topografi med sørvende dalsider som kvar vinter vert opphaldsstad for stadeigen elg og trekkelg frå Hemsedal og kommunar i Valdres. Elg trekkjer også ned frå høgareliggande parti sør for Hallingdalselva. Mengda av elg vil variere i takt med snømengda og korleis beitetilgangen i fjellet er.

Beitetakseringar frå 2005, 2006, 2007, 2009 og 2011 syner alle at beitepresset jamt over er for stort. Beitinga på alle artar, bortsett frå einer, er så hard at produksjonen av nye skot og kvistar er redusert. Dermed er sommarbeite og vinterbeite forringa i høve til den produksjonsevna desse områda har. Særleg er det vinterbeita der forholda er kritisk. Furu er også ettertrakta fôr om vinteren, og dermed vert skogeigarar hardt råka økonomisk. Fleire stader er det svært vanskeleg, nesten umogleg, å få opp ny bestand av denne tresorten.

Statistikk frå Hjorteviltregisteret syner at det vart påkjørt mellom 30 og 50 elg per år i Gol før fôringsplan for elg i Gol kommune 2008 -2012 vart vedteke.. Fôring og skogrydding langs veg og jernbane har hatt ein positiv verknad. Dei siste åra har påkjørslene vore på ca.10 per år.

Elg kan verte påkjørt når dei kryssar veg og når dei oppheld seg langs jernbanelina. Vert det fôra i sidedalar, og om elgen vert halde vekke frå nærområda til veg og bane, vil påkjørslar både på veg og jernbane verte redusert. Strategisk fôring nær veg kan også redusere påkjørslar fordi elgen ser på vegen som ein barriere som han slepp å krysse sidan han har rikeleg med mat og skjul på den eine sida. Fjerning av vegetasjon innanfor jernbanegjerde gjev elgen mindre grunn til å opphalde seg der, og påkjørslar vil sjeldnare skje (*Kjelde: Elg og trafikk 2004*).

KOMMUNAL MÅLSETTING HJORTEVILT:

- Kommunale overordna (kommuneplanens samfunnsdel):
 - Syte for at elg, -hjort og rådyrressursane i kommunen vert forvalta på ein berekraftig måte
- For perioden 2011 – 2013 (Bestandsplanområda):
 - Betra beitegrunnlag. Rogn, osp, selje og vier skal vera elgens viktigaste fôrgrunnlag og må difor vera tilstades i levedyktige populasjonar i beiteområda til elgen
 - Betra bestandskondisjon/auka slaktevekter
 - Redusert elgbestand. For å betre beitegrunnlaget må beitetrykket reduserast
 - Minimalisere konflikter med andre samfunnsinteresser på grunn av for stor elgbestand (skader på plantefelt og trafikkpåkjørslar)
 - Stabilisert hjortebestand.

Fôring av elg i Gol skal ikkje komme i konflikt med den kommunale målsettinga for hjortevilt.

TREKKRUTER

Elgen som trekker til Gol, kjem truleg i all hovudsak frå nord, nordaust. Det vil seie frå kommunane Nord-Aurdal, Vang og Vestre Slidre samt noko frå Hemsedal. Dette er observert gjennom fleire år. I tillegg vert det bekrefta av jegerar i desse kommunane som finn færre elg om hausten etter vintrar med høg irregular avgang i Hallingdal. Noko elg kjem sannsynlegvis også frå høgareliggende område i Nes og Ål.

Eit eget merkeprosjekt på elg i Hallingdal og Valdres skal sjå nærmare på elgens trekkruiter og adferd. Merkeprosjektet vil starte opp i 2013 og vare 3 år.


BEITESKADER

Dei største konsentrasjonane av beiteskader i Gol kommune fins i dei austlege delane av kommunen. Særleg er plantefelt i Hagaskogen, Herad, Dalføret og Bergasida (Åsgardane) hardt råka. Elgbeitetaksering frå 2011 i 17 bestand i kommunen syner at beitebelastninga er for høg. Rekruttering av beiteplanter i gruppa ROS til fôrproduksjon er nærmast fråverande. For bjørk og furu er situasjonen litt betre, men også her vil fôrproduksjonen minske om ikkje beskatninga går ned.

FØRINGSHISTORIKK

Vilt – og innlandsfiskenemnda i Gol har i ei årrekke støtta fôringsiltak i kommunen. Inntil 25 000 kr vert utbetalt årleg til Gol grunneigarlag som styrer med dagens fôring. I fôringsplan for 2008 – 2012 vart det stilt tilskotsvilkår, blant anna med anviste fôringsplassar.

Sesongen 2006/2007 vart det søkt om støtte til 110 rundball. Talet auka året etter då det i 2007/2008 vart søkt om støtte for 138 rundball. I 2008/2009 vart det gjeve tilskot til 202 rundball. Sesong 2009/2010 auka rundballbruken kraftig. Då vart det utbetalt tilskot til 304 rundball. I 2010/2011 sesongen falt bruken av rundball att, omkring 180 rundball vart det gjeve tilskot til. Sesongen 2011/2012 vart det gjeve tilskot til 164 rundball. Sjå figur 1.



Figur 1. Utviklinga i tal på rundball brukt til fôring i Gol kommune 2006 - 2012

KVIFOR FORTSATT FØRING?

AVGANGEN AV ELG PÅ VEG OG JERNBANE HAR VORTE STERKT REDUSERT SIDAN VILT – OG INNLANDSFISKENEMNDA VEDTOK Å FØRE SYSTEMATISK OG ETTER PLAN (2008 -2012). NOKO AV DETTE SKULDAST NETTOPP FØRING, MEN RYDDING AV VEGETASJON (TRÆR OG BUSKAR) LANGS VEG OG JERNBANE HAR UTVILSAMT MEDVERKA TIL REDUKSJONEN. FOR Å OPPRETTHALDE LÅGE FALLVILT TAL ER DET VIKTIG Å HALDE FRAM MED FØRINGA, MEN DEN NYE FØRINGSPLANEN LEGGER VEKT PÅ AT FØRINGA MÅ SKJE TIDLEG OG FØRINGSPLASSANE ER RIKTIG PLASSERT, FORTRINNSVIS I BJØRKEBELTET (900 -1000 M.O.H). FØRING SOM VERT STØTTA AV VILT – OG INNLANDSFISKENEMNDA SKJER FOR Å REDUSERE PÅKJØRLSER, IKKJE FOR Å AUKE SLAKTEVEKTENE TIL ELGEN.

FØR

Det må gjerast ein jobb med å ha nok rundball tilgjengeleg. Gol grunneigarlag i samarbeid med styra for alle elgvalda i kommunen bør kunne ta hand om dette. Dersom ansvaret med å skaffe før blir lagt til føringsansvarleg kan det verte vanskeleg å finne nokon villige til den jobben. Det er også viktig at kvaliteten på føret er god.

FØRINGSPLASSAR

Dagens føringsplassar (godkjent i føringsplan 2008 -2012) ligg godt spreidd rundt i Gol kommune og er plasserte i høgareliggende strøk. Dei fleste av dagens føringsplassar vil kunne verte brukt i den nye planen då dei har riktig plassering og fangar opp mykje elg. Det viktigaste med desse føringsplassane er at føringa startar tidleg nok og såleis motverkar at elgen trekker ned i dalsidene der risikoen for påkjørslar er størst. I tillegg er det under 600 meter over havet at forynginga av furu er størst. Skjer føringa i bjørkeskogen vil ein kunne unngå mykje skade på ungskog av furu. Ein bør halde føringsplassar unna ungskog med minimums 1 km avstand, og ikkje leggje plassane i nærleiken av plantefelt.

Føringsplassar 2012 – 2017 (med årleg evaluering)

Grov:

Skaraåsen/Grov

Høgehaug:

Fiskedammen/Tunnetjern (32V 0497026 – 6738569)

Skredderbergtippen

Granheim:

Klepp/ Jondalen

Tretteskogen:

Steinstølan

Bjødnamyra

Hoftun storvilt:

Skåledalen

Rukadn

Rotneim:

Torshaugskog
Trillhustippen

Narum:

Vestlia ovenfor Mobrua

Dalføret-Høvreslia:

Brendehaugen
Kvelvebakken


Det er formålstenleg å plassere fôringsplassar innanfor kvart jaktfelt slik at alle interessentar vert involvert. Likevel må det viktigaste vere å ha fôringsplassar som fungerer, og som er plassert slik at dei fangar opp trekkande og stadeigen elg.

Fortrinnsvis skal fôring skje over 700-800 m.o.h.

På alle foringsplassar må det leggest ut saltslikkestein.

PÅKJØRSLAR 2006/2007, 2007/2008, 2008/2009, 2009/2010, 2010/2011 OG 2011/2012

Sesongane 2006/2007 og 2007/2008 vart det påkjørt og drept henholdsvis 35 og 41 elg i Gol. Talet har sidan gått ned med om lag 75 %. I sesongane 2008/2009, 2009/2010, 2010/2011 og 2011/2012 har det i gjennomsnitt vorte påkjørt 10 elg. Saman med ryddetiltaka langs jernbanelina kan dette tyde på at systematisk fôring har hatt ein positiv effekt. Sjå figur 2.



Figur 2. Figuren viser kor mange elg som er drepne i trafikken sidan vintersesongen 2006/2007.

BRØYTING

Det vil vere mogleg å få tilskot frå Jernbaneverket som skal dekkje både fôring og brøyting. Brøyting i samband med fôring er eit viktig tiltak, spesielt med omsyn til å gje elgen ein annan farbar veg enn jernbanelina.

UTVIDA JAKTTID PÅ ELG

Buskerud fylkeskommune har nyleg vedtatt forskrift om utvida jakttid på elg i fleire kommunar i Buskerud. Gol kommune er ein av kommunane som har søkt om utvida jakttid på elg fram til 23.12, og som no får dette gjeldande i heile neste jaktidsperiode (2012 -2017)

Det var også utvida jakttid på elg i Gol kommune frå 2008 -2012.

AUKE I JAKTKVOTA PÅ ELG

Vilt – og innlandsfiskeremnda i Gol har følgd tilrådingane frå ValHal elgregion og rådgjevingsorganet Faun naturforvaltning AS som anbefaler å auke uttaket av elg (jakt). Dette må til for å betre vinterbeita og redusere dei store skadane på ungsog av furu. I tillegg har ValHal peika på situasjonen kring påkjørslar langs veg og jernbane, og at auke i kvotene kan gje færre farlege tilfeller der tog eller andre trafikkøyretøy råker elg.

OM HJORT

Fôring av hjort vil ikkje skje i regi av viltremnda, og viltfondet dekkjer ikkje utgifter til fôring av hjort.

FÔRINGSPLAN

1. Fôringa skal skje på fôringsplassar nemnda og fôringsansvarlege vert einige om. Avstand til jernbane må ikkje vere nærmare enn 500 meter.
2. Fôringa skal komme i gang tidleg slik at elgen vert verande i høgda, **seinast 1. desember**.
3. Fôringsplassen må vere stor nok slik at elgen vert verande der.
4. Fôringa må vere stabil og dekke behova til elgen.
5. Fôringa må avsluttast når elgen ikkje lenger oppheld seg på plassen.
6. Det bør vere ein fôringsansvarleg for kvar fôringsplass.
7. Ansvarleg for fôring skal føre logg over talet på rundball som vert brukt, registrere dato og snødjubde samt sett elg på plassen. Det er også nyttig, i den grad det kan registrerast, å vite korleis alder og kjønnsamansetnaden er. Nemnda utarbeider enkle skjema som skal nyttast. 8. Logg skal leverast innan 1. juni kvart år.
9. Etter kvar vinter må det ryddast opp på fôringsplassen. Fôringsansvarleg har ansvaret for dette.

ØKONOMI

Vilt - og innlandsfiskeremnda har i vedtak 15.05.07 avgjort at fôring vert dekkja med inntil 25 000 kroner inntil noko annan vedtak vert fatta. Denne øvre tilskotsgrensa gjeld til noko anna vert vedtatt.

Frist for innsending av rekning til fôring vert sett til 1. juni.

Vilt – og innlandsfiskeremnda vil at all fôring som skal motta støtte frå det kommunale viltfondet må oppfylle dei retningslinene fôringsplanen setter.

Den nye planen til fôring vil sannsynlegvis krevje større ressursar enn tidlegare og dette betingar at det gode samarbeidet mellom kommune og grunneigarar held fram.

EVALUERING

Logg frå kvar fôringsstad må leverast innan 1. juni

Planen skal evaluerast årleg før 1.august slik at ein kan gjere naudsynte endringar før neste sesong tek til.